

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 26/00438-1
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Årsrekneskap 2025 for Fyresdal kommune - kontrollutvalet si uttale

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Fyresdal kontrollutval	28.05.2026	13/26

Fyresdal kontrollutval har behandlet saken i møte 28.05.2026 sak 13/26

Møtehandsaming

Økonomisjef Kjersti Bergland presenterte kommunen sitt årsrekneskap for 2025. Kontrollutvalet stilte spørsmål til økonomisjefen.

Votering

Samrøystes for sekretariatets forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet sin uttale til Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2025:

Kontrollutvalet har handsama Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025. Årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat på kr 17 780 110.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 14.04.2026. Revisjonsmeldinga er ei såkalla «normalmelding» som stadfestar at årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter og god kommunal rekneskapskikk.

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret. Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2025.

Kontrollutvalet tilrår at Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert godkjent.

Årsrekneskap 2025 for Fyresdal kommune - kontrollutvalet si uttale

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet sin uttale til Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2025:

Kontrollutvalet har handsama Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025. Årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat på kr 17 780 110.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 14.04.2026. Revisjonsmeldinga er ei såkalla «normalmelding» som stadfestar at årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret. Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2025.

Kontrollutvalet tilrår at Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert godkjent.

Uttala vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Saksopplysningar

Det følgjer av kommunelova § 14-3 at kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet eller fylkesutvalet innstiller til vedtak.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva uttala skal innehalde. Korkje kommunelova eller forskrifta om kontrollutval og revisjon stiller konkrete krav til kva uttala skal innehalde, utover at han skal knytte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. Sjå òg sekretariatet sine kommentarar under merknader.

Fyresdal kommune sin årsrekneskap vart lagt fram for revisjonen ei veke etter fristen. Revisjonsmeldinga er avlagt 14.04.2026 og er ei normalmelding. Det vil seie at revisor gjennom sitt arbeid ikkje har avdekt vesentlege feil eller manglar som kunne ha medført atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga.

Kommunedirektør Ulf Pedersen og økonomisjef Kjersti Bergland møter i kontrollutvalet for å presentere årsrekneskap og årsmelding 2025 for Fyresdal kommune. Revisor kan svare på eventuelle spørsmål til revisjonsberetninga.

Sekretariatets vurdering

Sekretariatet gjer merksam på at kontrollutvalet i utgangspunktet står fritt i kva uttala til årsrekneskapen og årsmeldinga skal innehalde. Sekretariatet vil likevel peike på at formålet med uttala frå kontrollutvalet primært er å gi innspel til kommunestyret og formannskapet si handsaming av årsrekneskapen og årsmeldinga. Det gjer at forhold som er knytte til økonomiforvaltning, svakheiter i rutinar og liknande som kontrollutvalet er blitt kjent med, t.d. gjennom oppfølginga gjennom året med revisor, berre bør omtalast i uttala i den grad kontrollutvalet meiner at desse forholda må få betydning for godkjenning av

årsrekneskapen/årsmeldinga i kommunestyret. Forhold knytte til internkontroll og økonomiforvaltning som ikkje påverkar godkjenninga av årsrekneskapen/årsmeldinga bør handterast av kontrollutvalet som eigne saker som eventuelt også vert oversendte til kommunestyret for handsaming.

Sekretariatet gjer vidare merksam på at kravet om å uttale seg til årsrekneskapen og årsmeldinga gjeld krava til innhald i årsrekneskap og årsmelding slik dei følgjer av kommunelova med tilhøyrande budsjett- og rekneskapsforskrift. Uttalen dekkjer ikkje finansrapportering eller annan frivillig omtale administrasjonen har teke inn utover dei lov- og forskriftsbestemte krava til innhald i årsmeldinga.

Sekretariatet registrerer at revisor har lagt fram normalmelding. Sekretariatet er ikkje kjent med at det gjennom året eller i samband med revisor si oppsummering av arbeidet med årsoppgjersrevisjonen har kome fram forhold som tilseier at kommunestyret ikkje bør godkjenne årsrekneskapen eller årsmeldinga slik dei er lagde fram.

Sekretariatet tilrår å gi ei uttale slik det går fram av forslag til vedtak.

Vedlegg:

- Årsrekneskap 2025
- Årsmelding 2025
- Revisjonsberetning 2025